



Årdal kommune

Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

MØTEPROTOKOLL

Møtedato: 05.05.2026

Møtetid: Kl. 11:00 AM - 1:00 PM

Møtestad: Møterom Offerdalen

Saksnr.: 005/26 – 007/26

Følgjande medlem møtte	Parti
Kjell Jevnaker	
Nina Jevnaker	
Preben Fretheim Larsen	
Wenche Kristin Nyheim	

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Alfhild Kristine Veum Øyre			
Siv Aspeseter	UA		

Møteleiar:	Kjell Jevnaker
Frå adm. møte:	Marita Opheim, Kommunalsjef Helse og omsorg Norunn Haugen, Økonomisjef Taryn Malkhassian, Folkehelsekoordinator Heidi Skeie, Leiar ergo/fysio
Dokument utlevert i møtet:	
Synfaring:	

Sakliste

Sak nr	Sakstittel
PS-005/26	Konstituering av møte
PS-006/26	Orienterings og drøftingssak
PS-007/26	Ymse

Årdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
005/26	Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne	05.05.2026

Sakshandsamar: Lene Risløw

Arkiv:

Arkivsak: 26/589 -
Ugyldig flettefelt

Konstituering av møte

1. Opning av møte
2. Godkjenning av innkalling
3. Godkjenning av sakliste
4. Møteprotokoll - det skal veljast to personar som skal godkjenne møteprotokollen i lag med møteleiar

05.05.2026 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Ingen kommentarar til innkallinga eller sakslista

Godkjenning av protokoll: Wenche Kristin Nyheim og Preben L

Kområd - 005/26 Vedtak

Protokollen godkjennast av Wenche Kristin Nyheim og Preben Larsen saman med leiar.

Saksnr.	Utval	Møtedato
006/26	Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne	05.05.2026

Sakshandsamar: Lene Risløw

Arkiv:

Arkivsak: 26/589 -
Ugyldig flettefelt

Orienterings og drøftingssak

- Orientering frå Marita Opheim, Kommunalsjef Helse og omsorg
 - Gjennomgong av Kommunalt råds budsjettinnspel.
- Stine Ohrvik presenterar Naturmangfaldsplan (Fellessak)
- Norunn Haugen, økonomisjef – Budsjettprosessen 2027 (Fellessak)

05.05.2026 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Marita Opheim, kommunalsjef Helse og omsorg

Ho orienterar og om omorganisering og styrking av tenestane.

Kostra er for høg for oss, så me må omorganisere for å utnytte resurssane våre betre utan å gå ned på kvaliteten på tenestene.

Grandane inviterar til brukarforum. Marit Njøs Natvik vil sende invitasjon til leiar av rådet.

Prøveprosjekt med sjukepleiar team oppstart den 18.mai.

Rapport om sjukeheimen på Årdalstangen. Kartlegginga. Dette vert teke opp i neste møte i rådet.

Psykisk helseteneste. Nattevakt startar opp no. Årsturnus ynskjes innført i psykisk helseteneste.

Styrka heimehjelpsteneste er under utprøving og kartlegging.

Innspel til Budsjett 2026:

Marita svarar ut og svarar på spørsmål til skriv delt ut i rådsmøtet. [Sende ut dokumentet i etterkant til rådsmedlemma.](#)

Kartlegging av kommunale bygg i forhold til universell utforming syns Ordføreren kan vere greitt å få gjort før budsjettprosessen 2027 er komt for langt.

Innspel om busshaldeplass utanfor Klyngetunet. Ordførar tilbyr seg å sjekke nærare til neste møte.

Folkehelsekoordinator i Årdal kommune, Taryn Malkhassian:

Framsyning av Naturmangfaldsplan. Planen var lenket i vedlegg til orienteringssaken.

Ho ynskjer ein diskusjon med råda om handlingsdelen og innspel frå råda.

Taryn etterlyser innspel til Handlingsdelen, spesielt pkt 17.

Kjell informerar at Kommunalt råd har diskutert eit par slike punkt idag og tidlegare.

HC-parkering til Naturhuset/Skåri. Kva retningslinjer har dei i forhold til Universell utforming.

Korleis er det for syns- og psykiske-nedsetjingar? Blindeskrift? QR-kodar?

Etterlyser erfaringar frå andre kommunar.

Meld inn feil - forureining (Årdal kommune, heimesida):

<https://www.ardal.kommune.no/mitt-nabolag/#/reportCase>

Naturmangfaldsplanen finn du her:

<https://aardalnatur.my.canva.site/naturmangfaldsplanen>

Spørsmål frå Taryn:

Kva trusslar ser rådsmedlammene for seg mot naturen.

- Sunde Resirk - inngongen til Jotunheimen. Vind kastar plast ut i naturen. Det vert sett spørsmål ved rutineane ved Sunde Resirk. Elva har gytande laks.
- Årdal miljøstasjon klarar å legge lokk på sine kontainrar og dermed vert ikkje forureininga ei utfordring. Kvifor kan ikkje Sund Resirk klare tilsvarande?
- Hageavfall som dumpes og der er faste plassar. Skilting på desse faste plassane? Hagekontainrarane?

Områder folk ferdest i mest.

- Ytre Moa - uu-tilpassing nødvendig. Skal alle kunne gå heile runden?
- Skåri

Taryn oppfordrar alle til å reagere og informere for å få til den folklege endringa.

Norunn Haugen - Budsjettprosessen for 2027

I desse dagar ferdigstillast reknskap for 2025. Behandling 20.mai

- <https://pub.framsikt.net/2025/ardal/mr-202512-arsrapport2025#/> (Årsrapport og årsreknskap 2025 i Framsikt)

1. tertialrapporten 2026 jobbast med i desse dagar for å ferdigstille.

- https://pub.framsikt.net/2026/ardal/bm-2026-budsjett_og_ekonomiplan_2026-2029#/, Budsjett og økonomiplan 2026 i Framsikt). Rapporten vert presenteret seinare i kommunalt råd.

Budsjettprosessen for 2027 er starta

- https://www.ardal.kommune.no/api/presentation/v2/nye-innsyn/filer/v-1e069db9_ef6b_4b2b_9616_406836b162cc-482402_1_P!d-2022066598!Rryi1J?pid=1, Budsjett og økonomiplan 2027 - 2030.

Det er mogleg for Råda å komme med innspel (april til september).

Dialogkafe onsdag 20.mai (Bu og miljø-tenesta). Trengs det brukarundersøkinga? Forslag til kva eventuelt?

Bu trygt heime - Eldre som bur heime og mottak tenester frå Kommunen?

[Powerpointpresentasjonen frå Norunn vedlegg til protokollen](#)

Utstillinga "Den trygge boligen" - Heidi Skeie, Leiar ergo/fysio

Heidi Skeie, Leiar ergo/fysio i Årdal kommune kom på fellesdelen av møtet og fortalte om utstillinga "Den trygge boligen" som kommunen får låne frå Skadeførebyggande forum «Skafor» i veke 40.

Dette er informasjon som både Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Årdal eldreråd fekk.

Det er ynskje om å stille ut i kafé området på Kulturhuset i Øvre i veke 40, da er også Eldredagen. Det opnar for å gjere noko i samråd med Eldrerådet og Eldredagen.

Kområd - 006/26 Vedtak

Orienteringar teke til vitande.

Årdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
007/26	Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne	05.05.2026

Sakshandsamar: Lene Risløw

Arkiv:

Arkivsak: 26/589 -
Ugyldig flettefelt

Ymse

Her er det mogleg å diskutere og ta opp det ein ynskjer at Eldrerådet skal jobba med eller sjekke opp i.

Tilråding:

Saka er teke til vitande.

05.05.2026 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Veger som er "sperra" for rullestolbrukarar:

- Stein som sperrar gangvegen ved Hjelle. Kan denne flyttast for ein kjem ikkje forbi med rullestol der idag.
- Tusenmetaren er og sperra for rullestolbrukarar. Hydro har sagt noko tidlegare angående bommen og sikkerheit.
- Der er og lagt ned Autovern i vegbana til drenering, og der har rullestolbrukar ikkje komt over. Kanskje der kunne vore lagt ned i eit stålrís over delar av dreneringen slik at rullestolbrukara kjem seg lett over.

Handikapparkeringsplass mellom kulturhuset/legekontoret. Næraste HC er på andre sida av legekontoret og ikkje lett tilgjengeleg.

Kommunalsjef og Ordførar meiner dette skal vere mogleg, dei sjekkar opp og orienterar neste møte.

Kområd - 007/26 Vedtak

Saka er teke til vitande.